



Asplan Viak AS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1845 - 16/14377

Saksbehandlar:
Berit M.Eskeland
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:
11.07.2016

Evaluering og tildeling av kontrakt - rammeavtale saksbehandling av private planer

1. Tildelingskriterier

Anbudsgrunlaget vart sendt ut til 3 firma. Ved tilbudsfristen var det mottatt 2 tilbud. Alle tilbydarane er kvalifisert for oppdraget og evaluert. Tilbydarane er vurdert etter dei oppgitte tildelingskriteria i konkurransegrunlaget.

TILDELINGSKRITERIE	DOKUMENTASJON	VEKT %
Totalpris oppdrag	<ul style="list-style-type: none">Utfylt prisskjema, sjå vedlegg 2	50 %
Tilbode konsulent og hans/hennes reserve sin dokumenterte erfaring, referanser og kompetanse innan saksbehandling av private reguleringsplanar. Det er spesielt ønskjeleg at konsulent tidlegare har jobba med saksbehandling av private planar i ein kommune eller gjort tilsvarande oppdrag som dette.	Under dette kriteriet vektleggast: <ul style="list-style-type: none">Relevant kompetanse, referanser og erfaring vil bli vekta på ein skala frå 1-10, der 10 er høgast. Dokumentasjon: <ul style="list-style-type: none">CV for tilbode medarbeidare jf. opplisting i pkt. 2 i prisskjema. CV-en skal innehalde opplysningar om utdanning, arbeidserfaring og utførte oppdrag (oppdragsgjevar, storleik, og type/art og medarbeideren sin rolle i prosjektet).	50 %

1.1 Pris

Totalpris på oppdraget er evaluert etter følgende metode: Forholdsmessige metode der: Poengscore = 10 x Pb/Pe der Pe er den prisen som evaluerast og Pb er beste (lågaste) pris.

Firma	Pris	Poeng	Korrigert for vektning (50 %)
Asplan Viak	kr 206 000	10,00	5,00
Sweco	kr 246 650	8,35	4,18

Tabellen over viser at det er Asplan Viak som kjem best ut på pris.

1.2 Erfaring, referanser og kompetanse for tilbydd personell

Dette kriteriet er vurdert på ein skala frå 1 til 10 der 10 er best.

Firma	Evaluering	Poeng	Vektning (50 %)
Asplan Viak	Asplan Viak tilbyr ein svært erfaren konsulent for oppdraget. Konsulent har nærare 20 års erfaring frå kommunal sektor innan plansaksbehandling. Konsulenten har også erfaring frå liknande rammeavtaler med andre kommuner. Reserve for konsulent er også erfaren med 5 års erfaring frå kommunal sektor innan plansaksbehandling.	10,00	5,00
Sweco	Sweco tilbyr ein erfaren konsulent for oppdraget. Konsulent har nærare 5 års erfaring frå kommunal sektor innan plansaksbehandling. Konsulenten har også erfaring frå liknande rammeavtaler med andre kommuner. Reserve for konsulent har også god erfaring, men ikkje særskilt erfaring frå kommunal plansaksbehandling.	7,50	3,75

Det er Asplan Viak som kjem ut best på dette kriteriet

2. Evalueringsmatrise

Kriterie	Vekting	Asplan Viak		Sweco	
		Poeng	Vektet poeng	Poeng	Vektet poeng
Totale kostnader	50 %	10,00	5,00	8,35	4,18
Kompetanse og erfaring	50 %	10,00	5,00	7,50	3,75
SUM			10,00		7,93

Det er Asplan Viak som samla sett er vurdert å gi det økonomisk mest fordelaktige tilbudet.

3. Konklusjon

Meland kommune meddeler herved at det er beslutta å tildele Rammeavtale om saksbehandling av private reguleringsplanar til Asplan Viak AS. Signering av kontrakt vil finne sted etter karènsperiodens utløp. Karènsperioden utløper 21.07.2016 kl. 12:00. Ei eventuell klage må sendast skriftleg til Berit M Eskeland på e-postadresse berit.eskeland@meland.kommune.no innan utløp av karènstida.

Vi takkar for deltakinga.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Asplan Viak AS

Sweco Norge AS